



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<



BYGLANDSNYTT



Med hjarta i Bygland

**BYGLAND KOMMUNE ØNSKJER ALLE GOD SOMMAR**

FREDINGSMARKERING AV D/S BJOREN MED FEST PÅ BYGLAND

>>> LES MEIR - S. 3

Den historiske dampbåten D/S Bjoren blir freda og Riksantikvaren, Aust-Agder museum og arkiv IKS and Setesdalsmuseet inviterer til fest 13.06.

LES MEIR - S. 8/9 <<<

Det skjer mykje i regi av frivilligsentralen og på BUA Bygland denne sommaren; både på Byglandsfjord og på Bygland.

NYTT FRÅ BUA BYGLAND OG FRIVILLIGSENTRAL

>>> LES MEIR - S. 5

Gratulerer til Finn Håkon Borgi og Tor Ånon Kleivane med kulturprisen 2026 for einestående innsats i kulturlivet i Bygland!

KULTURPRIS FOR FINN HÅKON BORGI OG TOR ÅNON KLEIVANE

MERKETIDER JUNI 2026:

- 10. juni: kl. 12.00 Nasjonal test av nødvarsel på mobil og Sivilforsvarets varslingsanlegg
- 18. juni: Siste dag på Bygland legekantor før sommarstenging veke 26 t.o.m. 33
- 23. juni: Sankthansaften





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00; **OBS! stengt 14.05.**

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117 - Ambulanse 113**
 telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00

- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
 tysdag og torsdag kl. 08.00 - 15.00; **OBS! Feriestengt veke 26 t.o.m. 33.**
- EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
 mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
 Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
 Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



Bibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025

Vi har eit godt utval av bøker, tidsskrift, lydbøker og filmar for alle. Vi har òg Setesdølen og bygdebøkane Bygland gard & ætt.

På Bygland er det høve å sjå vikingutstillinga og kopi av Hylestadportalen. Du kan òg tinge vikingsmykke i biblioteket sine opningstider.

OBS! Folkebiblioteket er feriestengt 01.07. - 09.08.2026

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- måndagar kl. 10.00 - 14.00
- onsdagar kl. 10.00 - 16.30
- torsdagar kl. 09.00 -12.30 og 14.30 - 17.30

BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDSFJORD

- måndagar kl. 16.30 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 - 14.30



SOMMERLES 2026 - sjå s. 7



POLITISKE MØTE - JUNI 2026



- Bygland ungdomsrådsmøte: 05.06. kl. 11.30
- Rådet for eldre og personar med funksjonsnedsettingar: 08.06. kl. 12.00
- Plan-, miljø- og ressursutvalet: 09.06. kl. 09.00
- Levekårsutvaletmøte: 10.06. kl. 09.00
- Formannskapsmøte: 11.06. kl. 09.00
- Kommunestyremøte: 23.06. kl. 09.00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Difor blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår: **bygland.kommune.no**

ANDRE NYHEITAR FRÅ SETESDAL

FREDING AV D/S BJOREN

Laurdag 13. juni inviterer Riksantikvaren saman med Agder fylkeskommune, Aust-Agder museum og arkiv og Setesdalsmuseet IKS til ei open markering av fredinga til den historiske dampbåten D/S «Bjoren» på brygga i Bygland.

Eit levande kulturminne

«Bjoren» er ein av dei siste vedfyrte dampbåtane i Noreg, og har frakta folk heilt sidan 1867. No blir ho freda – som eit viktig minne om samferdsel, teknologi og liv i Setesdal - og framleis i full bruk.

Program (start kl. 12.00):

- Musikalsk opning ved Kulturpatrulja
- Velkomst ved fylkesordførar Arne Thomassen
- Historia til «Bjoren»
- Møt kapteinen om bord
- Kulturelle innslag
- Overrekking av fredingsdiplom

Etter programmet blir det mingling på bryggja med setesdalssuppe, kaffi og kake.

Det blir også mogleg for publikum å bli med på tur med «Bjoren», og vi legg opp til aktivitetar for barn og familiar. Ved dårleg vêr blir delar av arrangementet gjennomført i telt.

Kom og bli med på markeringa av eit unikt stykke norsk historie!

Billetter D/S Bjoren: <https://nettbutikk.aama.no/setesdalsmuseet/billetter-bjoren/>



Bilete: D/S Bjoren ligg startklart ved brygga på Byglandsfjord.
Fotograf: Johannes Hansen for Bygland kommune

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 82

Ansvarleg redaktør: Simon Ellingsberg - **Redaktør:** Susanne Hegenscheidt

Bilete: Framside: D/S Bjoren; Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, S. Hegenscheidt;

Kva skjer: Reiårsfossen med utsikt mot Austad/ Bygland kommune

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt

Byglandsnytt juli 2026: 01.07.2026, skrivefrist 26.06.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt



HELSE OG OMSORG

BYGLANDSHEIMEN - PROGRAM JUNI 2026

DAG	DATO	KLOKKE	AKTIVITET
TYSDAG	2/6	14:00	MUSIKKSTUND
ONSDAG	3/6	11:00	OPEN DAG
TIRSDAG	9/6	14:00	ANDAKT
ONSDAG	10/6	11:00	OPEN DAG
TYSDAG	16/6	14:00	MUSIKKSTUND
ONSDAG	17/6	11:00	SOMMERFEST
TYSDAG	23/6	14:00	ANDAKT

SAMFUNN

STATUS VED OPPGRADERING AV PAKKBUA PÅ BYGLANDSFJORD STASJONSOMRÅDE (PER 28.05.)

Det nærmar seg ferdig med rive arbeidet. Teknisk etat skal sette opp nye innervegger i veke 23.

Mange nysgjerrige kom innom ila vekene dei har halde på Pakkbua.

Oppgraderinga skal både ta vare på det freda kultur- miljøet og leggje til rette for at bygget kan få ei utvida rolle som viktig møteplass for lokalsamfunnet. Arbeidet skal vere ferdig i slutten av 2026.



Bilete: Gunnar Haugå / Bygland kommune

MELLOMBELS STANS I VASSFORSYNING PÅ TVEIT

Teknisk drift i Bygland kommune melder at vatnet er slått av i eit område ved Austad kyrkje på Tveit på grunn av byggjearbeid. Kommunen reknar med at vatnet er tilbake når arbeidet er ferdig i slutten av veke 24.

For å sikre vatning av planter på kyrkjegarden, vert det sett ut ein 1000 liters tank. Dette vatnet er ikkje drikkevatt, og skal berre nyttast til vatning.



Bilete: pixabay.com

SAMFUNN

LANGEIDSVERDET

Tysdag 12. mai kom skulpturen av Langeidssverdet til Bygland kommune. Ho vart overlevert av kunstnarane og smedane bak verket, Håkon Busk og Brage Planke. Sverdet blir no lagra fram til det skal reisast i rundkøyringa på Bygland. Kommunen, i samarbeid med andre aktørar, arbeider vidare med dei siste førebuingane før alt er klart for montering.

Dato for avduking blir kunngjord så snart alle brikkene er på plass.

Saman kan vi gjere avdukinga til ei folkefest!



Bilete: Vemund Guldbrandsen/ Bygland kommune

KULTUR



FINN HÅKON BORGİ OG TOR ÅNON KLEIVANE FEKK KULTURPRISEN FOR 2026

Musikarane og lydteknikarane Finn Håkon Borgi og Tor Ånon Kleivane fekk Bygland kommune sin kulturprisen for iherdig innsats i kulturlivet i Bygland gjennom mange år. Kulturprisen 2026 vart delt ut under 17. mai feiringa på Byglandsfjord.

Kulturprisen vert tildelt personar eller organisasjonar som på ein særskild måte har gjort ein innsats for kulturlivet i Bygland. Prisen blei delt ut av leiar i Levekårsutvalet Anne Løyland under 17. mai-feiringa på Byglandsfjord. Innbyggjarar har sendt inn forslag til kven som bør få kulturprisen. Levekårsutvalet går gjennom alle forslaga og tildeler prisen til ein person/fleire personar/ei gruppe som har gjort ein innsats innanfor kulturlivet.



VI GRATULERER FINN HÅKON OG TOR ÅNON MED PRISEN!

SETESDALSMUSEET

Ny utstilling «Se bestemor! Vi danser sammen» og «Løyni – mellom hender»

- 4. mai - 22. juni: Ope ved egne arrangement, og måndag-fredag 10.00-15.00
- 23. juni - 9. august: **Sommarsesong på alle plasser - òg Bygland museum på Prestneset, Bygland**, ope kvar dag frå 10.00-16.00

Setesdalsmuseet, Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad; setesdalsmuseet.no

(Les om freding av D/S Bjoren på s. 3)



OPPVEKST

MELLOMTRINNET VED BYGLAND SKULE LAGA BJØRKEFLØYG

Elevane i 5-6 klasse har laga seg fløyg av bjørk.

Elevane har høvla, raspa og pussa fram dei flottaste fløygane ut frå eit flatt enkelt emne. Det har tatt tid og mykje tolmod, men dei har verkeleg stått i det.

Det å jobbe med noko over tid er ein særskilt viktig kunnskap og erfaring dei kan ta med seg kring det å lage skikkeleg trehandverk. Det var ein stolt gjeng som kunne ta med seg dette heim.

Det er faglærer Ingrid Homme Bolstad i kunst og handverk som har gjort dette med dei.



Bilete: Bygland skule

8. KLASSE I BYGLAND PÅ DUGNAD UNDER COLOR LINE TOUR 2026

Tradisjonen tru rigger Bygland IL og 8. klasse ved Bygland skule til matstasjon på Tappen, når ColorLineTour organiserer sitt årlege sykkelritt frå Kristiansand til Hovden. I år feira dei 40 års jubileum med heile 1200 påmeldte.

Gry tidleg møtte elevane opp laurdag 30.05. og var i full sving heilt til rittet tok slutt rundt kl. 12.00.

Det var god stemning og mange takknemlege atleter som forsynte seg med både energidrikke, brødskeive, banan og myslibar.



Bilete: Bygland kommune


BOKSTAVFEST PÅ BYGLAND BIBLIOTEK

Førskulebarna i kommunen samla seg på biblioteket torsdag 27. mai til ei fargerik og morosam bokstavfest med bokstavtyven Troll i spissen.

Med tøysete bokstavrim, kjende figurar frå Bukkene Bruse og mykje latter fekk barna utforske kva som skjer når ein tek bort eller legg til ein bokstav i eit ord. Gris vart til ris, og rød vart til brød – til stor begeistring frå dei frammøtte. Mari Rygg frå biblioteket inviterte til leik og saft. Førskuleungane fann både alle bokstavane i alfabetet som var gøymt i bokhyllene og fiska bokstavar med magnetar som agn.

Arrangementet gav ein leikande inngang til språk og lesing, og skapte både engasjement og språkglede hjå dei yngste.

Alle bilete: Sigrid Greibrokk/Bygland barnehage



Skuleferie sommar 2026: fredag 19. juni - onsdag 12. august

Me ønskjer alle barnehagebarn, elevar, tilsette og foresatte GOD FERIE!





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Snart tek me sommarpause på frivilligsentralen og er tilbake med ny aktivitet midt august. Men BUA Bygland har open og er i full sving med både utlån av sportsutstyr og sommaraktivitetar for Bygland sine barn og ungdom (sjå s. 9) Me ønskjer alle ein riktig fin sommar!

Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Bingo: tysdagar i partalsveker kl. 18.00 -20.00 (09.og 23.06.)
- Strikkecafé: til vanleg 1. og 3. torsdag i månaden kl. 18.00 - 21.00 (siste 04.06.)

Aktivitetar andre plasser

- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.00 - 20.00, Nesmoen 3, Bygland (siste 15.06.)



BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- Måndagar: Juniorklubb (5 - 7 klasse; kl. 15.00 -17.45)
- Onsdagar: Ungdomsklubb (8 klasse - 3. vgs; kl. 18.00 - 21.00)
- Fredagsklubb i Årdalshallen, Byglandsfjord: 5.-7.trinn (kl. 18.00 - 21.00; 1x/månad); **05.06.**



Følg elles med på Bygland ungdomsklubb si FB-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar

SOMMERLES 2026 - FARLEGE SKURKESTREKER!

Sommerles er en lesekampanje i regi av bibliotekene – for alle barn i 1.– 7. trinn.

Kampanjen varer fra 1. juni til 31. august, og målet er å gjøre lesing morsomt gjennom hele sommeren. Registrer deg på Sommerles.no, ver med på lesefest og vinn kule premier!





BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND

BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL

NOKO GØY I SOMMAR:

Fire ungdommar er no tilsett, og skal tilby sommaraktivitetar på BUA i sommar i vekene 26,27 og 28. Det vert aktivitet kvar dag i veke 27 og 28, og frå onsdag- fredag i veke 26.

I tillegg vil Bua vere open.

Me har framleis plass til fleire born! Alder: 1-10 klasse (OBS! Aktivitetar på vatn er for 4 klasse og oppover) Meld bornet på i spond! Kode til spond er: MPFPK.

Merk at ein må godkjenne alle samtykker som ligg i SPOND før bornet kan delta.

Alle aktivitetar er gratis.

Alt dette er mogleg fordi Agder Fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen har gjett totalt 450 000 kroner til prosjektet!

FRILUFT UNG:

Midt Agder Friluftsråd vil i samarbeid med Bygland Frivilligsentral og lag og foreninger tilby ungdom ein-to gratis aktivitetar i månaden i 2026/27. Eksempel kan vere klatring, kanotur, topptur, hengekøye, matlaging i naturen, eller anna gøy. Dette tilbodet vil vere for ungdom over 13 år, og målet er å stimulere til meir bruk av naturen og friluftsliv for denne aldersgruppa.

Meir info om dette kjem.

BUA SJØLBETJENT BYGLANDSFJORD OG BUA FIKS OG REP:

Byglandsfjord får støtte til BUA selvbetjent og reparasjonsverksted

Byglandsfjord får nå et viktig løft for inkludering, bærekraft og aktivitetstilbud: Sparebanken Norge har tildelt 100 000 kroner til etablering av BUA selvbetjent og BUA fiks- og reparasjonsverksted.

Midlene går til innkjøp av nødvendig verktøy, utstyr og tilrettelegging av lokaler, slik at tilbudet kan komme raskt i gang. Støtten dekker blant annet arbeidsbenker, spesialverktøy til sykkelreparasjon og annet utstyr som gjør det mulig for innbyggerne å både låne og reparere utstyr lokalt. Vi vil etablere ett verksted der folk kan få reparert syklene sine, men også få sykler donert som kan fikses og lånes ut igjen i BUA. Vi vil også ta i mot andre ting som trenger reparasjon

– Dette er et veldig viktig bidrag for oss, som gjør det mulig å etablere et lavterskel tilbud for hele lokalsamfunnet, sier Anne Fauske/Leder Bygland Frivilligsentral.

ET TILBUD FOR ALLE – BÅDE UTLÅN OG REPARASJON

BUA på Byglandsfjord vil tilby selvbetjent utlån av utstyr, kombinert med et «fiks og reparer»-verksted der innbyggerne kan vedlikeholde og reparere egne sykler og annet utstyr, eller få e reparert. Prosjektet skal bidra til økt deltakelse, redusert forbruk og mer bærekraftige vaner.

– Vi ønsker å gjøre det enklere både å være aktiv og å ta vare på det man allerede har. Reparasjon og gjenbruk er viktig både for miljøet og for økonomien til folk, sier Anne Fauske.

Frivillighet og fellesskap i sentrum

Prosjektet er forankret i frivilligheten, og vil bli drevet i tett samarbeid med lokale aktører og engasjerte frivillige. Målet er å skape en møteplass som kombinerer aktivitet, mestring og sosialt fellesskap.

Samtidig understrekes det at støtten fra Sparebanken Norge ikke dekker lønnsmidler.

– Vi har fått midler til utstyr og etablering, men ikke til lønn. Det betyr at frivillighet og lokale krefter blir helt avgjørende for å få dette til å fungere i praksis, sier Anne.

Takk til Sparebanken Norge

BUA Bygland retter en stor takk til Sparebanken Norge for støtten.

– Denne tildelingen betyr mye for oss, og gjør det mulig å realisere et tilbud som vil komme mange til gode, sier Anne.

Tiltaket er også støttet av Agder Fylkeskommune.



BYGLAND
FRIVILLIGSENTRAL
OG BUA BYGLAND

FRILUFTSSKULE:

Midt-Agder Friluftsråd kjem med Friluftsskolen sin til Bygland kommune - Uke 33, mandag 10. - onsdag 12. august. Tilbodet er eitt samarbeid med BUA Bygland/Frivilligsentralen. Det er gratis å vere med for alle som gjeng i 5-7 klasse.

Friluftsskulen skal vere eit positivt og lystbetont ferietilbod i nærmiljøet og skal leggje grunnlag for varige friluftsvanar. På friluftsskulen kan du delta på spennande friluftaktivitetar samtidig som du lærer litt om:

Allemannsretten og ferdselskultur; Kartforståing på tur; Raste- og leirplass; Grunnleggjande førstehjelp.

Friluftsskulen blir arrangert på dagtid (kl. 09–15) frå måndag til onsdag. I tillegg til dei nemnde temaa blir det tid til mange morosame aktivitetar ut frå lokale forhold, som til dømes: Mat på bål/stormkjøken; Frisbeegolf; Vassaktivitet; Leik

Deltakarane treng:

- Sko og klede eigna for å vere ute
- Matpakke og drikkeflaske med drikke
- Dagstursekk med badetøy og ekstra skift
- Solkrem, solbriller, caps e.l. på dagar med sterk sol

Påmelding finn du her: [Friluftsskolen - -Midt-Agder Friluftsråd](#)

BUA BOKS:

Bua boksane er no opna og tilgjengelege ved Årdalshallen, Byglandshallen og ved grendehuset i Åraksbø.

Både vaksne og born kan låne.

Du eller barnet ditt treng berre laste ned appen, og lage ein profil.

For at barnet ditt kan låne sjølv, gjer følgande:

Du startar med å laste ned appen på mobilen til barnet (eventuelt loggar du ut på din eigen først). Så registrerer du ein ny profil for barnet ditt. Når barnet loggar inn i appen, vil du få opp ein banner som ber om å verifisere profilen. Der får du to val. Då vel du «under 18 år», og du får generert ei lenkje via Vipps der du må godkjenne at du står som ansvarleg lånar for barnet.

OBS: dette er ein pilot. Det betyr at ting kan gå gale i appen, eller med boksane. Er det feil eller utfordringar med boksane kan du sende ein sms til 94510770, der du forklarar litt om kva som var problemet. Dette melder BUA vidare til utviklar, og på den måten kan løysinga verte betre.



(Bilete frå opningsfesten av BUA Boks Åraksbø: Ordførar Runar Granheim og leiar i Bygland frivilligsentral/BUA Bygland, Anne Fauske; Fotograf: Bygland kommune)



BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

BYGLAND KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sentrum 18, 4745 Bygland; bygland.kyrkje.no og FB

Prestvikar: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Anne Synnøve Ropstad: 90 91 66 64

Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159

- **Gudsteneste**

- 21.06. kl. 12.00 Friluftsgudsteneste på Tveitå, Vestsida av Byglandsfjorden

- **Andakt på Byglandsheimen:**

- tysdag 09. og 23.06. kl. 14.00

- **Soknerådsmøte:** måndag 01.06. kl. 17.00, Kyrkjekontoret

- **Treff: Herre café.** Eitt uformelt treff kun for herrar for å treffe andre og få seg litt luft. Lett servering & kaffe. tysdag 16.06. kl. 12 -15, Bjoren Brygge, Prestneset, Bygland



Brygga & Soknerådet inviterer til
"Herre cafe"
seiste gong før ferien 16.6 kl 12-15
lett servering & kaffe ☕
Heilt uformelt. Mest for å treffe andre
og få seg litt luft..

Over heia - Landeskogen pREåpning

KUNSTUTSTILLING

57 KUNSTNERE FRA ROGALAND OG AGDER



ÅPNING 30. MAI KL 13:00

ÅPNINGSTIDER

ÅPNINGSHELG
30. - 31. MAI
Lørdag 13-17 og
søndag 11-17

3. - 14. JUNI
Onsdag-søndag
11-17

17. JUNI -
16. AUGUST
Daglig 11-17

19. - 30. AUGUST
Onsdag-søndag
11-17



Landeskogvegen 86
4742 Grendi



www.landeskogen.com

Brygga Bluesfest 2026

lørdag 20. juni 2026

Toini & The TomCats

Arendal Bluesband

The Southern Musical Brotherhood

Kr 600,-

Vipps til #805213



BYGLAND
TRIATLON

BYGLAND TRIATLON 18. JULI

Bygland IL treng frivilljuge!

Kan du bidra med foto, vakthald på matstasjon, sikkerheit, rigging eller liknande? - Meldt deg på via skjema på Bygland IL si FBside.

Bygland Skyttarlag: Skyting på banen til Bygland Skyttarlag startar først opp 11.06. grunna ombygging av anlegget. Me blir no elektroniske. Det er mykje dugnads arbeid, og mykje kostnader med dette. Men skyttarlaget var veldig heldig no og fekk ei flott gåvesjekk frå **Sparebanken Norge avd Evje.**



TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTØMING - JUNI 2026

- Matavfall og glass/metall: veke 24: torsdag 11.06.
- Papir og plast: veke 24: tysdag 09.06.
- Matavfall og restavfall: veke 26: torsdag 25.06.



GJENVINNINGSTASJONER


- Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00–18.00 (10.06.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (27.06.)
- Syrtveit, Evje: Fri levering av sortert husholdningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00–13.00 (13.06.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS, e-post: post@smg-iks.no; heimeside: smg-iks.no, tlf. 901 94 724

KORLEIS FÅR DU NYE SØPPELPOSER?

Ønskjer du nye matavfallsposer eller sekkar for returplast, hugs å knytte ein slik pose/sekk på dunken ved neste tøminga.

Sjåførane til Setesdal Miljø & Gjenvinning legger da igjen ei ny pakke til deg, med mindre søppelbilen er tomme for nye poser/sekker.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE - JUNI

BYGDEKINOEN

ONSDAG 17. JUNI

KIOSK: FRAMSTEG 4H

KL. 17.30: DIPLODOCUS OG DEN MYSTISKE HOKUS POKUS

6 år. 110 kr. Animasjon

KL. 19.30: DISCLOSURE DAY

9 år. 130 kr. Sci-fi



YMSE

TURISTINFORMASJON PÅ BYGLAND I STOGA KAFÉ

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 906 65 459

Stoga A/S leverar turistinformasjonstenesta i Bygland.

Her får du informasjon og turtipps, kaffe og snacks. Stoga

arrangerer også kulturarrangement, og guida turar på førespurnad

Vert og guide: Olav Grendstad. Ope fredag/sundag kl. 13 - 20.

Frå 16. juni open kvar dag.






KVA SKJER I BYGLAND

JUNI 2026

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Takk til hagelaget på Bygland frivilligsentral for nydelege blomster i Bygland sentrum!

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
tysdag 02.+16.06.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Musikkstund
tysdag 09.+23.06.	Byglandsheimen	kl. 14.00	Andakt
sundag 07.06.	Bygland IL; Sentrum 37	kl. 15.00	Opning av frisbeegolfbane
laurdag 13.06.	Riksantikvaren; Bjoren Brygge	kl. 12.00	Fredingsfest D/S Bjoren
sundag 14.06.	Bjoren Brygge, Prestneset, Bygland	kl. 12.00 + kl. 14.30	Rundtur med D/S Bjoren
onsdag 17.06.	Byglandsheimen	kl. 11.00	Sommarfest
onsdag 17.06.	Bygdekinoen; Kulturscena	kl. 17.30	Film: Diplodocus
onsdag 17.06.	Bygdekinoen; Kulturscene	kl. 19.30	Film: Disclosure Day
torsdag 18.06.	Bygland oppvekstsentera		Siste skuledag!
sundag 21.06.	Tveitå, Vestsida av Byglandsfjorden	kl. 12.00	Friluftsgudsteneste
sundag 21. + 28.06.	Dampskipsbrygge Byglandsfjord	kl. 12.00	Rundtur med D/S Bjoren
frå tysdag 23.06.	Bygland museum, Prestneset	kl. 10.00 -16.00	dagleg ope museum

Arrangement i regi av Bygland frivilligsentral og Bygland ungdomsklubb: s. 07